

AKERSHUS FYLKESKOMMUNE  
REGIONAL PLANSTRATEGI  
DIALOGMØTE I FOLLOREGIONEN  
THON HOTELL, SKI  
16. FEBRUAR 16-21

Andreas Hompland:

OPPSPEL TIL DEBATT

Det vanskelige er ikkje å leggja planar, men å minnast kvar ein har lagt dei.

Denne spøken er ein utsliten gjengangar, og han er sikkert oppfunnen av ein frustrert og galgenhumoristisk planleggar.

Men spøken er etter kvart blitt temmelig plagsom og har sett seg fast i halsen. Men like fullt klebar den ved planlegging som samfunnsmessig virksomhet. Planleggingas fiendar bruker den som våpen til å undergrava legitimiteten til all samfunnsplanlegging. Så mens behovet for langsiktig planlegging aukar, kan planlegginga sitt omdømme bli dårlegare. Er det bryet verd, liksom?

Det er kanskje ikkje så underlig, for det er jo ein realitet at det gjennom åra er laga og rullert mange planar fordi lover seier at det skal finnast planar, sjøl om få kjenner seg heime i dei eller vil kjennast ved dei. Eller vil ta i dei, når dei er vedtatt.

Det finnest mange uvettige og unyttige planar som bare er lagt i ein skuff. Det viktige var tilsynelatande å få laga planen - ikkje å bruka han. Det triste er at så mange nyttige og vettuge planar også hamnar i den same skuffen.

Planlegging har i mange tilfelle levd sitt eige liv og følgt motebølgjer. Gamal vin på nye flasker med finare etikettar. Det skulle finnast planar, for så sa forskriftene og regelverket, sjøl om ingen følte seg som "eigarar" og nære pårørande. Dei som planla, var ferdig med jobben når planen var laga. Og dei som skulle setta planen ut i livet, var ferdig med sin jobb når den var vedtatt.

Men det er jo ikkje slik det skal vera: Planlaging er noe anna enn planlegging. Det er først etter at planen er ferdig, at jobben begynner - den jobben som skal visa om planen var verd jobben: The proof of the pudding is the eating.

Om ein plan som fortener å bli utvikla, tatt på alvor, og brukt, burde ein altså heller kunna seia: "Det er vanskelig å legge gode planar, for alle minnest kvar dei ligg og veit kva som står der."

-----

Ei mye anna brukt formulering om planlegging er at det er å voldta samtida i framtida si interesse.

Eg skal ikkje kicka på den moralske sida ved dette - forførelse kunne nok passa betre, men det kan uansett vera grunn til å stagga dei mest potente planleggarane. Det er like stor fare for å kvela sine oppdragsgivarar og allmennheta med oppvarma graut, som å skriva dei i hel med uforståelige tabellar og drøvtygde modellar. Ingen kan spre slikt mørke og motstand som dei som har sett lyset.

Det er vanlig å grunngje utgreiingar med at det skal gje betre grunnlag for beslutningar. Betre, men neppe lettare.

Slik er det med planar også: Til grundigare og meir kunnskapsrike dei er, jo vanskeligare er dei å få vedtatt; for ikkje å snakka om å få sett ut i livet. Derfor ligg det i sakas natur at planlegging er ein frustrerande aktivitet.

Det har den store, eksistensielle poeten Predikeren sagt noe klokt om i si bok i Første kapittel, 17. og 18 vers:

**Jeg la vinn på å lære visdom å kjenne,  
å få kjennskap til uforstand og dårskap.  
Men jeg fant at også det er jag etter vind.  
For med stor visdom følger mange kvaler.  
Den som øker sin kunnskap, øker sin smerte.**

Det står ikkje til å nekta at samfunnsplanlegging av ymse slag har nørt opp under motstanden mot offentlige tiltak og inngrep, og mot byråkratiske skrankar på folks frie utfoldelse. Om planleggarar og planutval framstår som autoritære betrevitarar, gjer det ikkje uviljen mindre.

At planlegging kan stå lågt i kurs, har også med politiske og verdimessige straumdrag å gjera. Planlegging må nødvendigvis bygga på ei overindividuell oppfatning av det felles beste og fornuftige. Planlegging forutsetter ein kollektivitet, ei forståing av fellesskap, av at alt og alle høyrer saman med alt og alle. Mens dei individuelle fornuftene blir stadig meir høgrøsta og sjølsikre. Heilheta er det andre som får ta seg av.

Markedet har fått eit overtak i samfunnsdebatt og politisk retorikk. Markedet høyrest ut som ein aktør med eigen vilje, utanfor menneskelig påverknad og kontroll. Det trenger seg fram som ei kraft det ikkje nyttar å kjempa mot. Offentlig planlegging, reguleringar, organisasjonsmakt og politiske inngrep framstår som tvangstrøyer og gamle arvesynder.

-----

Planlegging blir vanligvis forklart og begrunna instrumentelt: Ein analyserer situasjonen og setter seg visse mål for kva ein vil oppnå. Så legg ein planar for kordan ein skal gå fram for å nå målet. Dersom ein innser at ein ikkje kan nå målet, må ein skaffa seg nye midlar eller justera målet.

Då den nylig avdøde Senterpartipolitikaren Per N. Hagen var statssekretær i Kommunal- og regionaldepartementet, lanserte han eit alternativt syn: Målsettingar treng ikkje ha noe med oppnåelighet å gjera. Dei skal vera som blinkande stjerner i det fjerne som ein kan orientera seg etter, men vita at ein aldri kan nå.

Det minner om eit slagord frå Paris i 1968: **Det er håplaut, men det er ingen grunn til å gje opp!**

Det er flott og tappert å håpa på det umulige og ikkje gje opp. Slik optimisme kan vekka ovasjonar og har utløyst revolusjonar, men det har skapt mange fleire frustrasjonar og mye maktesløyse.

Når politiske målsettingar blir symbolske brageformuleringar og ikkje målestokk og merkesteinar som tiltak og utvikling skal styrast mot og målast mot, kjem ein inn i ein underlig rund-dans. Planlegging blir rituelle øvelsar og politikk formulerings-akrobatikk i den lause luft. Nå skal ein på ingen måte forakta retorikken, men om orda skal bli til virkelighet, trengs det store dosar handlingskraft og utsøkte virkemiddel.

-----

I samfunnsutviklinga, i Akershus og Follo-regionen også, er det mange drivkrefter som kjem utanfrå, og som verken folk flest, planleggarar og politikarar kan gjera noe særlig med. Dei må tilpassa seg.

Den italienske renessansetenkaren Machiavelli blir ofte framstilt som sjølv inkarnasjonen på ein slud manipulator. Han var det, men han skreiv også mye klokt i sine råd til Fysten.

Machiavelli insisterte på at Fyrsten måtte øva seg i å skilla mellom Virtus og Fortuna; mellom skjebne og evne; mellom det

han hadde mulighet til å påverka, og det som var upåvirkelig; mellom det som ligg fast eller er styrt av andre, og det han hadde mulighet til å endra.

Machiavellis råd til Fyrsten var at når han hadde gjort denne analysen, måtte han tilpassa seg Fortuna og sette inn kreftene på Virtus.

Det er sjølsagt eit klokt og realistisk råd for den som vil ha noe gjort. Men det blir jo ikkje alltid følgt av politikarar. Ikkje sjeldan er det faktisk rosverdig politikk å la vera å ta fatt der ein kunne oppnå noe med små og møysommelige steg, men heller kasta seg tungt og taleført inn i kamp mot det som ikkje lar seg påverka eller rikka. Å slåss mot det upåvirkelige, kan gje ein politikar ry som prinsippfast. Då viser ein at ein er prinsipiell og opptatt av dei store sakene og dei lange linjene.

-----

Eg skal ikkje prøva å gje dere gode råd, for her er det dere som er på heimebane. Så eg skal ikkje kommentera kva det kan bety at den nye Follobanen kan bli ein tunnelbane utan stopp før Ski. Då kunne jo den gamle traseen rustast opp som ein appendiks til Oslo T-banesystem.

Eg skal heller ikkje kommentera at eigedomsutviklarane på mange måtar er dei fremste samfunnsformarane i våre dagar. Planleggarar kan leggja planar og politikarar vedta dei, men det er Olav Thon som sit med fasiten for kva som kjem til å skje.

Eg skal heller ikkje gå inn på det heilt allmenne problemet med den betydelig vindskeivheta mellom beslutningsmyndighet og innflytelsesområde. Ansvarspulverisering og skuldfordeling er ein høgt utvikla idrett mellom ulike politiske nivå og forvaltningsnivå. Det dei andre gjer, eller ikkje gjer, påverkar meg og set rammer for kva eg kan gjera - og omvendt. Kommunar passar på naboen, posisjonerer seg og konkurrerer med kvarandre. Oslo og Staten sviktar, og Fylkeskommunen er ikkje løysinga, men problemet. Sektorane har ofte nok med seg sjøl, mens heilheta alltid er ein annan stad, og den har ofte meir mistru og mismot enn makt.

Men det er eitt punkt eg vil kommentera i det grunnlagsdokumentet som er lagt fram. Det gjeld "knutepunkt", som er eit sentralt begrep. Kva er det? Og korfor er det viktig?

Begrepet blir brukt nokså teknisk om trafikale knutepunkt, om transport-kryss som skaper rasjonell kommunikasjon for

arbeidsreiser og annan mobilitet - helst til og frå Oslo. Saman med fortetta boligbygging, offentlig og privat service og varehandel. Eg ser for meg eit kompakt sentrum med transport-terminal, overbygd kjøpesenter og pensjonistboligar i etasjane over. Ein kryssing av Kolbotn og Ski - i større og mindre utgaver, utover i Follo-regionen.

Det er vel og bra, og det sparer landbruksareal og grønne lunger. Men eg spør meg: Kva slags stader er dette? Og kva slags møteplassar og sosiale miljø? Kordan stedsutviklar dei seg? Er det ein ny utgave av småbyar og gamle bygdesentra? Eller er det noe heilt anna? Er det rom for barn og unge og etniske minoritetar i dei fortetta knutepunkta? Eller er dei ein slags "gettoar" - bu- og handlemaskinar for middelaldrande pendlarar som har sitt arbeidsliv, sosiale og kulturelle liv andre stader? I hovudstaden?

Dette har også mye å gjera med forholdet mellom tradisjon og tilhørighet og stedsidentitet på den eine sida, og livsløpsflyttingar på den andre sida, når det er lagt opp til slike mobilitetsvennlige knutepunkt for folk med fleire røtter enn føtter.

Eg er samd med ordførar Stub i at dette er eit kjernepunkt, men eg saknar altså noe meir mat til refleksjon om demografi og flytting, kopla opp mot boligar for ulike aldersgrupper og sosialt og etnisk mangfald. Det er ganske avgjerande kordan desse knutepunkta materialiserer seg i dei nærmaste åra, for dei materielle strukturane er trege og langliva formar det sosiale i mange tiår. Er knutepunkta rammer for det gode liv i Follo i framtida?

-----

Eg har ikkje gått denne runden om planstrategi og politisk handlingsrom for å spre motløyse eller nedvurdera betydninga av den prosessen dere er inne i.

Tvert imot: Eg synest opplegget verkar gjennomtenkt, grundig og lovande. Kva kan ein bruka ein slik prosess og dette grunnlagsdokumentet til?

Sjølsagt til å gjera seg kjent med fakta og utviklingstrendar og forankra perspektiv og vedtak. Med scenarieheftet som eit slags overordna tankebile, kan det også vera eit slags felles dialog- og samtalerom som er litt frikopla frå tvingande og dagsaktuelle utfordringar. Ein slags treningsomgang for å utvida forståingsramme, orienteringspunkt og framtidshorisont. Til å reflektera over om gode intensjonar kan føre dit ein ikkje vil. Kva skjer dersom ein ikkje gjer noe? Ein arena for å kaste fram tankar og idear og ubehag utan at det framstår som bindande. Det kan bidra til å fylla noen blinde punkt og fjerna noen skylappar - både egne og andres. Det kan ufarliggjera

eller forminska konflikter og som elles verkar hemmande. Fordi ein får andre og større bekymringar. Dei strategiske og politiske vala kjem tidsnok.

Det er altså ein slags mental gymnastikk som gjer ein betre førebudd til å kjenna igjen og møte framtidens utfordringar.

Mental gymnastikk, men ikkje linjegymnastikk. For her har nok kvar enkelt sine spesialøvelsar.

-----

Til slutt meina at det er viktig å sortera ut kva som er problem som ein eventuelt kan løysa, og kva som er dilemma ein må leva med. Det er å balansera på stram line, og det er ikkje lett. Men det er jo det som er politiske prioriteringar og planstrategiske val.

Lykke til.